

2019

## Reglement for Kvam klagenemnd



## Innhald

§ 1 Oppnemning og mandat .....	2
§ 2 Klagenemnda sin funksjon og kompetanse .....	2
§ 3 Samansetjing og val .....	2
§ 4 Saksførebuing og saksgang.....	3
§ 5 Saksgang i høve til politiske råd og utval .....	3
§ 6 Opne møter .....	3
§ 7 Møterett og møteplikt.....	3
§ 8 Teieplikt.....	4

## § 1 Oppnemning og mandat

Den særskilde klagenemnda i Kvam herad er oppnemnd av heradsstyret i samsvar med forvaltningslova § 28, 2. ledd.

Klagenemnda har på heradsstyret sine vegner mandat til å avgjera klagesaker vedkomande enkeltvedtak (jamfør forvaltningslova § 2 b)) som ikkje er gjort etter særlov, eller der det er fastsett i særlov at heradsstyret er klageinstans.

## § 2 Klagenemnda sin funksjon og kompetanse

Den særskilde klagenemnda skal ikkje driva (parti) politisk verksemd. Klageinstansen si oppgåve er å sjå til at enkeltvedtak som er klaga på, er handsama og avgjort av kommunale forvaltningsorgan i samsvar med lover, forskrifter, retningsliner m.m.

Klageinstansen si prøving av forvaltningsmessig skjønn må i kvar sak utøvast i høve til gjeldande lover og regelverk.

Klageinstansen skal vurderer:

- Sakshandsaminga; dvs. om denne er i tråd med regelverket kring sakshandsaming; jf. forvaltningslova og eventuelle særlover.
- Lovgrunnlaget, dvs. om vedtak er gjort i samsvar med aktuelle lover og forskrifter, og elles i tråd med kommunalt delegasjonsreglement, kommunale retningsliner m.m.
- Utøving av skjønn, dvs. om forvaltningsorganet si skjønnsvurdering er rimeleg i den konkrete saka sett i høve til aktuelle lover, forskrifter og kommunale retningsliner.
- Klageinstansen skal elles sjå til at likehandsamingsprinsippet vert fylgt i den kommunale forvaltninga.

Den særskilde klagenemnda sin kompetanse går elles fram av forvaltningslova § 34

## § 3 Samansetjing og val

Klagenemnda skal ha 3 medlemmer, med personlege varamedlemmer. Heradsstyret vel klageinstansen sin leiar og nestleiar.

Val av klagenemnd skal gjennomførast i konstituerande møte og representantane skal veljast for heile valperioden.

Klagenemnda skal ha ei samansetjing som gjev «både faglig tyngde og politisk representativitet» (jamfør rundskriv H-12/94).

## § 4 Saksførebuing og saksgang

Rådmannen peikar ut ein sakshandsamar som skal syta for at klagesaka er så godt opplyst som mogeleg (jamfør forvaltningslova § 33, 5. ledd, 1. setning). Sakshandsamar skal i tillegg leggja klagesaka fram for klagenemnda. Sakshandsamar er administrativt fristilt i saka.

Klagenemnda skal normalt gjera vedtak på grunnlag av «partenes anførsler», underinstansen si saksframstilling og eventuell uttale om klagen (jamfør rundskriv H- 12/94). I den grad forsvarleg utføring av tenesta tilet det, skal ein part som har sakleg grunn til det, verta gitt høve til munnleg kontakt med sakshandsamar (jamfør forvaltningslova § 11 d.).

Dei som er gjevne høve til å leggja fram faktiske saksopplysningar for klageinstansen, har ikkje høve til å vera til stades under klagenemnda sine drøftingar.

## § 5 Saksgang i høve til politiske råd og utval

Når det er fastsett i særlov, skal det politiske utvalet/styreorgan som har ansvar for saksområdet ta stilling til klagen før klageinstansen eventuelt får saka til endeleg handsaming. Kva for styreorgan som har ansvar for saksområdet vil gå fram av delegeringsreglementet til Kvam herad.

Klage på administrativt enkeltvedtak som ikkje er handsama etter regelverk fastsett i særlov, skal sendast direkte til klageinstansen etter at underinstansen har vedteke å oppretthalda det vedtaket som er klagt på. Klage på enkeltvedtak der politiske utval er førsteinstans eller der desse har delegert avgjerdsretten til rådmannen, skal handsamast i samsvar med fvl. kap. VI - "Om klage og omgjøring" dersom ikkje anna går fram av særlov.

## § 6 Opne møter

Møta i klagenemnda er opne (jamfør kommunelova § 11-5, 1. ledd), men nemnda skal vedta å lukka møta dersom det føreligg lovbestemt teieplikt (jamfør kommunelova § 11-5, 2. ledd), når omsynet til personvern krev dette (jamfør kommunelova § 11-5, 3. ledd, a) eller når omsynet til tungtvegande offentlege interesser krev dette (jamfør kommunelova § 11-5, 3. ledd, b)).

## § 7 Møterett og møteplikt

- Nemnda sine medlemer pliktar å møta, med mindre dei har gyldig forfall. I dei høva eit medlem har forfall, skal personleg vara kallast inn.
- Klageinstansen sin møtesekretær har rett og plikt til å vera til stades under møta.
- Sakshandsamar som har førebudd klagesaka til klagenemnda skal vera tilgjengeleg i møtet, slik at han/ho kan leggja fram saka for klagenemnda og svara på eventuelle spørsmål knytt til denne.

- Ordfører har møte-, tale- og forslagsrett, men har ikkje røysterrett (jamfør kommunelova 6-1, 3. ledd)
- Rådmann eller den han/ ho peikar ut, har møte- og talerett så lenge reglane i kommunelova 13-3, 2. ledd vert følgd.
- Representantar for dei tilsette har ikkje møterett, jf. kompl. 13-4, 3. ledd.

## § 8 Teieplikt

Dei som møter i klagenemnda sine møter har teieplikt i samsvar med forvaltningslova § 13.